



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes digitaliseringsorganisasjon
Postboks 8122 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/3095-68

Dato
30. juni 2025

Supplerande tildelingsbrev nr. 5 2025 – DIO – RNB 2025

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Tildelingsbrev 2025 – Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO), datert 3. januar 2025, og seinare supplerande tildelingsbrev.

I samsvar med Innst. 540 S (2024–2025) er kap. 1515, post 01 og 45 endra med følgjande:

Kap. 1515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa					[tal i 1000 kr]
Post	Nemning	Tildelingsbrev 2025	Overført beløp frå 24 til 25	RNB 2025	Disponibel løyving
01	Driftsutgifter	374 691	17 600	13 861	406 152
21	Spesielle driftsutgifter	78 957			78 957
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	316 600	146 046	403 200	865 846
Sum kap. 1515		770 248	163 646	417 061	1 350 955

Kap. 4515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa					[tal i 1000 kr]
Post	Nemning	Tildelingsbrev 2025	Overført beløp frå 24 til 25	RNB 2025	Disponibel løyving
01	Diverse inntekter	600			600
02	Brukarbetaling	33 200		1 449	34 649

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdelinga for
fellesfunksjonane for
departementa

Saksbehandlar
Vetle Bjøringsøy
Johnsen
22 24 72 67

Sum kap. 4510	33 800	1 449	35 249
----------------------	---------------	--------------	---------------

Løyvinga blir stilt til disposisjon for DIO.

Kap. 1515, post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er auka med totalt 13,9 mill. kroner. Dette kjem av følgjande:

- Posten er auka med 13,5 mill. kroner ved overføring frå post 45. Dette for å gi DIO tilstrekkeleg handlingsrom til å etablere nye tenester knytte til prosjekt for Sikker teknisk infrastruktur.
- Posten er auka med 426 000 kroner ved overføring av priskompensasjon frå Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS) til DIO.
- Posten er redusert med 65 000 kroner ved overføring av lisensar for Jobbnorge til DSS.

Kap. 1515, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

Løyvinga på posten er auka med totalt 403,2 mill. kroner. Dette kjem av følgjande:

- Posten er redusert med 13,5 mill. kroner ved overføring til post 01, jf. omtale under post 01.
- Posten er redusert med 22,2 mill. kroner, som følgje av at Prosjekt IKT i nytt regjeringsskvarter har eit mindreforbruk for anskaffing av ugradert og låggraderte IKT-nettverksutstyr.
- Posten er auka med 438,9 mill. kroner, som følgje av at program for felles IKT-tenester til departementsfellesskapet (programmet) er overført frå Forsvarsdepartementet (FD) til DFD. Nærmare informasjon om dette punktet, følgjer under.

Kap. 4515, post 03 Brukarbetaling

Løyvinga på posten er auka med totalt 1,45 mill. kroner ved overføring av inntektskravet frå DSS til DIO.

Nytt oppdrag til DIO – Oppdrag 11: Program for felles IKT-tenester i departementsfellesskapen

Frå og med 1. juli 2025 blir heile ansvaret for eigarstyringa og oppfølginga av program felles IKT-tenester i departementsfellesskapen (programmet), endringstrinn 1,2 og 3, inkludert budsjettmidlane til programmet, overførte frå FD til DFD. Programmets mål er å gi Statsministerens kontor, alle departementa, Noregs utanriksstasjonar, DSS og DIO ei felles sikker, funksjonell, kostnadseffektiv og moderne IKT-løysing for behandling og deling av informasjon.

DFD vil vere programeigar og ha ansvar for å styre programmet.

DIO er oppdragsansvarleg for programmet frå og med 1. juli 2025, og programmet vil vere organisatorisk plassert i DIO. Budsjettmidlane til programmet løyvast på DIOs budsjettkapittel.

DFD vil styre og følgje opp programmet gjennom den ordinære styringsdialogen med DIO. DFD legg opp til ein noko tettare styring og oppfølging av programmet i forhold til dei andre delane av DIOs verksemd, som følgje av storleiken og kompleksiteten til programmet. DFD vil styre DIO v/programmet basert på mål- og resultatstyring, for å sikre framdrift i samsvar med tid, kost og yting. DIO skal rapportere på status, avvik, risiko og tiltak (SART) på dette oppdraget til DFD, i samsvar med vanleg rapporteringsregime – pr. tertial og i samband med årsrapportering.

Programstyret vil bestå som eit rådgivande organ for DFD i styringa av programmet – ikkje for styringa av DIO som verksemd. Til programstyret skal det rapporterast på status, avvik, risiko og tiltak i samsvar med etablert rapporteringsregime. På bakgrunn av endringane i styringa av programmet, vil mandatet for programstyret oppdaterast etter sommaren 2025. DFD vil komme tilbake med nærare informasjon om dette seinare.

Ny fullmakt til DIO: Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Vi viser til Innst. 7 S (2024–2025), jf. Prop 1 S (2024–2025), behandla i Stortinget 18. desember 2024, og Innst. 540 S (2024–2025), jf. Prop. 146 S (2024–2025), behandla i Stortinget 20. juni 2025.

Kostnadsramma for endringstrinn 1, 2 og 3 er på totalt 2 242 mill. kroner (inkl. mva.) i 2025-kroner. Styringsrammen for endringstrinn 1, 2 og 3 utgjer totalt 1 852 mill. kroner (inkl. mva.) i 2025-kroner.

DFD gir med dette DIO fullmakt til å disponere styringsramma på 1 852 mill. kroner (inkl. mva.) i 2025-kroner. Dette inneber at DIO berre kan planlegge for å inngå forpliktingar med verknad utover budsjettåret, så lenge samla forplikting ligg innanfor styringsramma. Bruk av uvisseavsetning skal fremjast for DFD for avgjerd i god tid før styringsramma er trua.

Med helsing

Aleksander Åsheim (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vetle Bjøringsøy Johnsen
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen